

NVE

«Høyringsuttale 201913014»

Revisjon av konsesjonsvilkår – Røldal-Suldal-vassdraga

Konklusjon:

Revisjon av konsesjonsvilkår må få ein ny start, der ein viser respekt for natur, miljø, lokalsamfunn og fellesskap.

Det er vanskeleg å finna ein intensjon om reelle miljøforbetringar.

Revisjonsdokumentet og Miljørapport J05 inneheld ingen forbetringstiltak i Røldal.

Ein vilkårsrevisjon må vera basert på grundig kartlegging og registrering av brukarerfaringar gjennom 60 år.

Her er store saksmengder som er vanskeleg å setja seg inn i,

i stor grad lite pedagogisk framstilt og mykje gjentakning.

I mange høve er det upresis og feil informasjon – materialet ber preg av beskjeden kvalitetssikring.

Konsesjonssøknaden går parallelt med søknad om revisjon av eksisterande anlegg.

Det er komplisert å få innsikt i intensjonar om forbetring for miljø, samtidig som det er lagt opp til ei sterkare kommersiell utnytting av anlegget.

Røldal har ofra svært mykje av natur og kultur. På 1960-talet kom kraftutbygging, vegutbygging og kommunesamanslåing omtrent samtidig.

Storsamfunnet har forsynt seg grovt i dette området, og påført bygda store ulemper.

Ein skulle forventa at ein revisjon av konsesjonsvilkåra burde bøta på ein del av ulempene.

I Suldal blir tiltak for aure og reinsdyr trekt fram som viktige tiltak,

medan store utfordringar i Røldal blir forsåvidt omtalt og innrømt, men ikkje følgd opp med tiltak.

Ein revisjon av konsesjonsvilkåra må omfatta:

A Røldalsvatnet

Primært ingen nedtapping – kraftproduksjon i Suldal I kan gå som normalt.

Det er uverdigg at golvet i landskapsrommet er eit skjemmaende sår, sentralt i bygda.

Subsidiært – krav om oppfylt magasin mellom mai og oktober.

Tiltak for enklare bruk av Røldalsvatnet – båtbruk, fiske, bading, ferdsel.

(i Miljørapport J05 er det forslag om å sleppa vatn i eksisterande elveløp, dette betingar at vatnet er på topp, for å hindra utrasing).

B Novlefoss

Her bør det vera vassføring i sommarhalvåret – i alle fall på dagtid. Novlefoss hadde opprinneleg ein rik fossesprut-økologi, som delvis kan reetablerast. Novlefoss med vassføring er ein stor attraksjon, sentralt i landskapsrommet der det blir nytt vegkryss/ innfallsport til bygda.

C Valdalen

Tilkomst til Valdalen gjeld liv og helse. Rasfare både sommar og vinter krev tunell/rasoverbygg i

Hedlemobakkane. (Det er eit under at ikkje fleire liv har gått tapt).

D Elveløp generelt

Det bør vera krav om minstevassføring for å kunna oppretthalda økologiske system, og gjera elvane meir attraktive for oppleving, fiske, bading. Det bør byggjast tersklar som avbøtande tiltak.

E Manøvrering

Det bør bli begrensing på effektkjøring – vannstand bør kunna variera rolegare og meir forutsigbart.

Røldal 29.10.24

Sondof Rabbe



Vedlegg: Kommentarer til Miljørapport J05 – 22.02.24 sr/postkort

Kommentarer

Rapporten skal vera ei kartlegging av miljø- og brukerinteresser.

Røldal-Suldal-reguleringa omfattar eit stort geografisk område, det er utfordrande å fanga opp informasjon om miljø og brukerinteresser. Røldal har dei største inngrepa og dei største ulempene med kraftanlegget, både naturinngrep og tap av kultur er svært omfattande.

Det virkar som ein i denne rapporten ikkje fullgodt har fanga opp viktige miljø- og brukerinteresser – særleg når det gjeld Røldalsvatnet, Valdalsmagasinet og Votnamagasinet, og generelt tilkomst og bruk av områda som er omfatta av kraftanlegget.

Dei mest markante utfordringane er ikkje særleg synleggjort.

Rapporten byggjer på ei synfaring på 2 dagar for heile området – dette synes vera svært beskjedent dersom ein skal få eit fullgodt bilde.

Nedanfor følgjer kommentarer til deler av teksten – 22.02.24

ref	Tekst i rapport	merknader
Sammendrag Side 3	«er det ventet endringer i eierstrukturen» «ventet endringer» VG 05.08.15 – Erna Solberg presenterer selskapsfinte for å unngå heimfall. Norsk Hydro arrangerte eit orienteringsmøte på Nesflaten 22.09.2020. Der gav ein inntrykk av at spørsmåla om eigarskap, samarbeidsformer og konsesjonsbehandling var åpne, og at ein ville lytta til innspel. Sindre Finnes kjøpte store mengder aksjer i Hydro før overtaking av RSK i 2020 Midt i oktober 2020 feira Hydro, Lyse og minister Tina Bru avtalen som ekskluderer Suldal og Røldal/Ullensvang frå eigarskapet – men der lokalsamfunna sit att med alle ulempene i all framtid. Avtalen vart godkjent i Kongelig Resolusjon 11.06.21. (dette var altså venta endringar i eierstrukturen)
Side 3	«Hovedformålet med en revisjon vil være å forbedre miljøforholdene og modernisere vilkårene»	her må ein forventa at miljøforholda blir registrert og at vilkåra blir modernisert
Side 3	«relevante miljø- og brukerinteresser»	er alle relevante tatt med? – arbeidet med rapporten har vore lite kjent for bygdefolk og grunneigarar
Side 3	«Kvanndalen høyest verdi, deretter Kvesso (Slettedalen), Blåbergdalen, Brattlandsdalen»	for det meste urørte område, ikkje særlig relevant, forpliktar lite. har Brattlandsdalen høgare landskapsverdi enn Røldal?

Side 3	«For friluftsliv har Valdalen og Kvanndalen høyest verdi. Valdalen innfallsport til Hardangervidda»	dette må forplikta på friluftsliv og reiseliv med sterke tiltak NB tilkomst Valdalen
Side 3	«For fagtema reiseliv er det Røldal som har høyest verdi»	Dette er ein bra erkjennelse, som må følgjast opp
Side 3	«restriksjoner knyttet til Røldalsvannet og Kvanndalsfoss er vurdert»	Røldalsvatnet må ikkje senkast, dette er uverdige, sentralt i ei bygd! Kvanndalsfoss er meir perifer
Side 3	«minstevannføring i Novlefoss, Blåbergdalen og Kvanndalsfoss»	her må Novlefoss prioriterast, som eit svært viktig tiltak – fossen er sterkt eksponert i landskapsrommet
Side	«vann i det naturlige elveløpet mot Røldalsvatnet»	dette er betinga av fullt Røldalsvatn, elles er det fare for erosjon og utrasing, underbyggjer krav om stabil vannstand på topp
Tiltak 1-1	«Røldalsvatnet, raskere fylling»	Viktig! alltid på topp – elles uverdige
Tiltak 2-1	«minstevannføring Novlefoss»	ja – svært viktig
Tiltak 3-1	«Valdalen kulvert»	Ja – viktig for tilkomst
Tiltak 3-8	«vann i elveløp Røldal»	føresetnad: vatn på nivå 378-380
1.1 Side 6	OED – minstevannføring – sentralt i område av stor verdi for friluftsliv og landskapsopplevelse	Novlefoss – må ha vannføring, denne er svært eksponert i eit viktig landskapsrom. Vatn gjev og liv i fossestryk - økosystemet
1.1 Side 6	OED – magasinrestriksjoner – sentralt i område av stor verdi for friluftsliv og landskapsopplevelse	Røldalsvatnet på topp. Dette er golvet i landskapsrommet til Røldalsbygda. Nedtappa vatn med stygge, glisande strender er uverdige
1.1 Side 7	OED – magasinrestriksjoner – hyppige endringer	Hyppige endringar i vannstand medfører store problem for bruk av Røldalsvatnet. må vera restriksjonar på kjøring
2.1	«Befaringer i deler av området bør gjennomføres. Det skal avholdes møter med viktige lokale»	Befaringer bør gjennomføres? Korleis er info innhenta og kvalitetssikra?
2.1	«avbøtende tiltak»	Er avbøtende tiltak i samsvar med «moderne vilkår»
2.2.1	«Europeisk landskapskonvensjon»	<p>Blir det spesielt lagt vekt på? :</p> <p>livskvalitet og helse</p> <p>det lokale selvstyret og mulighetene for aktiv medvirkning</p> <p>bærekraftige lokalsamfunn</p> <p>attraktive steder, som stimulerer folks skaperevne og tiltakslyst</p> <p>Dette ønskjer Norge å fremma, ifølge regjeringen.no</p>

2.2.1	«endret trace for E134»	Nytt tilknytningsområde til E134 blir på Liamyrane. Dette blir innfallsporten til Røldal frå aust og vest. I dette landskapsrommet er Novlefoss heilt sentral, og eit flott element, som i lange tider har vore eit populært motiv framstilt på foto og maleri. Ved å sleppa vatn i denne fossen, kan omgrepet «modernisere vilkårene» få eit innhald.
	«befaring 6/7.nov 2018	2 DAGAR BEFARING!!! Dette virkar svært lite for å gjera seg kjend med eit område på 790 km ² , med 17 reguleringsmagasin, 19 bekkeinntak og 9 kraftverk
2.3.1	«C.Høyfjellsområdene øst for Røldal»	Kfr. figur 2-47 dette er svært upresist, her er område med avrenning mot Røldal, og område med avrenning mot Suldal. Her er mange vatn, landskapsrom og dalføre som burde vore beskreve betre.
2.3.2	«stølsområdene som står igjen er blitt populære hytteområder»	overdrivelse, dette er svært begrensa, og gjeld Øvlandstølen og Bråstøl. Det er ikkje hytteområde inne i sjølve Valdalen
	«De høyeste toppene er Midnuten, osv»	svært upresist og mangelfullt, her kan ein sjå på karta for å registrera aktuelle fjellformasjonar
	«middels verdi for landskap»	oppleving av Valdalen er prega av stor variasjon i forhold til vannstand, dette er ikkje ein konstant verdi. Her er og blanda saman mange område og landskapsrom, som gjer framstillinga uklar
2.3.3	«B Kvesso	Kvesso er ei elv, landskapsromma er Kjømberget og Slettedalen. Her blir Trossovdalen blanda inn, då bør ein og ta med Middalen og Vivassdalen, som er andre sjølvstendige landskapsrom. Forvirrande tekst
2.3.4	«C Høyfjellsområdene øst for Røldal - opplevelseskvalitetene er likevel gode»	Upresis geografisk beskrivelse, kfr. figur 2-47. Her er mange landskapsrom og magasin, der det mest dominerande er eit nedtappa Votnamagasin som er svært skjemmaende over store strekningar, m.a. langs E134
2.3.4	«Votna, Kaldevatnet og Finnabuvatnet»	svært upresist, dette er ei samanblanding av landskapsrom og magasin i forskjellige nedslagsfelt, Kaldevatnet og Finnabuvatnet ligg på kvar si side av vannskillet
2.3.4	«noe verdi for tema landskap»	her er store inngrep og nedtappa magasin – dermed svært øydelagt
2.3.6	«Røldalsvatnet danner gulvet i det store landskapsrommet»	dette er eit teleskopgolv som fyk opp og ned, og er for det meste skjemmaende og uverdigg. Det er ikkje ein konstant landskapsverdi, dette endrar seg sterkt i forhold til vassnivå.
2.3.6	«om vinteren er Røldalsvatnet islagt»	dette er ikkje alltid, ofte er det glisande, stygge strender rundt vatnet

2.3.6	«rim er eit markant innslag»	frostrøyk er vel mest ei plage for dei som bur i det
2.3.6	«vanligvis er i slutten av juni»	det er heller sjeldan at magasinet er oppe på 378 i juni - rekord topp nivå: november!!
2.3.6	«noe påvirket av vannkraftutbygging»	Dette er ikkje berre «noe påvirket» - nedtappa Røldalsvatn er ein grov forringelse av landskapet, og er uverdig for bygda. Rapporten burde nyansera mellom ulike nivå på vatnet – dette gjev svært forskjellig effekt for oppleving og bruk av vatnet
2.3.7	«Brattlandsdalen vurderes til stor verdi som landskap»	den ville naturen er spektakulær, men dei som har besøkt Røldal som kunstnarar og turistar har formidla inntrykk frå Røldal, som dei fleste ser på som meir verdifullt på dei fleste vis, bortsett frå det svært øydeleggjande nedtappa Røldalsvatnet
Figur 2-26	«Røldal sentrum med stavkirka i bakgrunnen»	her ser ein ikkje sentrum, svært upresis bildetekst
2.3.8	G Nesflaten, Støladalen og Bleskestad	svært upresis landskapsinndeling, her er det fleire dalføre og markante landskapsrom. Tekniske inngrep her er beskjedne i forhold til dei mange inngrepa i Røldal
2.3.9	H Kvanndalen	Dette er eit flott dalføre med få tekniske inngrep, er enig i at dalføret har stor landskapsverdi
Figur 2-40	«Djupetjønn sør for Isvatnet»	Djupetjønn ligg nord-vest for Isvatnet
2.3.11	A Valdalen «tydelig preget av tekniske inngrep»	17 stolar i Valdalen vart demd ned, dalføret er ikkje berre prega, men rasert
2.3.11	C Høyfjellsområdene øst for Røldal «men landskapet er nokså vanlig...»	Dette omfattar mange landskapsrom og magasin, med ulik karakter og eksponering, Votnamagasinet ligg svært godt synlig, er ofte mykje tappa ned.
	E Røldalsvatnet «deler av våren og forsommeren reduseres landskapsopplevelsen noe av tørrlagte...»	Landskapsopplevelsen forringes noe er mildt sagt, dette er eit grovt inngrep som medfører forringing store deler av året, dette burde vore meir nyansert og vektlagt
Figur 2-47	«Brattlandsdalen stor landskapsverdi»	Røldal og Valdalen middels, er svært unyansert. Dette kartet har og ei svært grov inndeling, særleg er C Høyfjellsområda øst for Røldal unyansert
2.4.1	«Hardangervidda nasjonalpark, ... skal kunne benyttes til landbruk, naturvennlig friluftsliv og naturopplevelser, jakt, fiske, undervisning og forskning»	dette indikerer at det må vera god og sikker tilkomst til Hardangervidda, her er Valdalen den viktigaste innfallsporten
2.4.2 Side 49	«tiltrekker seg både regionale, nasjonale og til en viss grad internasjonale brukere»	krev god og sikker tilkomst

DNTs rute- og hyttenett Side 50	«Valdalen er en mye benyttet innfallsport til Hardangervidda, både om sommeren og om vinteren» «Omfanget av trafikk via Valdalen på vinteren avhenger også av isforholdene på Valdalsvatnet og rasfaren langs vannet»	dette er ei ganske klar erkjenning av at denne tilkomsten både er viktig og svært utfordrende
Side 51	«all transport til Litlos, Hellevassbu og Middalsbu, og private hytter/utleiehytter via Valdalen» «ved utrygg is på Valdalsvatnet, og når snøforholdene tillater det, kjøres det opp en alternativ trasé mellom Øvlandstølen og Grytingstølen via Storavatnet.....»	Alternativ trasé via Storavatnet er basert på dagfersk oppdatering av is- og snøforhold, og er ein stor omvei opp til høgde 1.100 meter over havet, i eit vérutsett og rasfarlig område. Dette kan aldri bli ein permanent, forsvarlig tilkomst til Valdalen/Hardangervidda
Side 52	Jakt «Villreinjakt sør for E134 forvaltes av Setesdal Ryfylke villreinlag»	Upresist, deler av området blir forvalta av Røldal fjellstyre
2.4.3 Side 54	Valdalen – verdi A/Stor verdi «Indre deler av området har høy bruksfrekvens, store opplevelseskvaliteterspesiell funksjon som innfartsåre til et friluftsområde med A-verdi»	Her er ei klar erkjenning at indre deler har stor verdi, og at dette er innfartsåre til Hardangervidda. Samtidig er tilgjenge svært vanskelig og risikofyllt.
	«Slettedalen -Middyr noe brukt»	dårlig tilgjengelig
	«Røldalsvatnet god tilgjengelighet og flere opplevelseskvaliteter»	Røldalsvatnet er lite tilgjengelig store deler av året – opplevelseskvaliteten er og svært varierende, pga sterk nedtapping – ned til minus 17 meter
Figur 2-50	«Valdalen har svært stor verdi på friluftsliv»	dette krev god og sikker tilkomst. Elles er framstillinga svært unyansert
2.5.1 Side 57	«Reiseliv i tiltaksområdet»	upresist og omtrentlig beskrive, f.eks. er ikkje Vetlelia noko stadnamn (dette er Liamyrane/ Frøystøl)
2.5.2 Tabell 2-11	«Røldal (stor verdi), landskap og natur er en vesentlig del av attraksjonen»	dette indikerer at ein må ta vare på, og tilbakeføra. Røldalsvatnet på topp gjev ei heilt anna landskapoppleving enn eit nedtappa magasin
Figur 2-51	«Verdivurdering for reiseliv»	område og landskapsrom virkar litt tilfeldig avgrensa, opplevinga vil og variera mykje med vannstandar og vassføring i vassdrag
2.6 Side 59	«kommunene har foretatt en høringsrunde blant lokale.....uheldige virkninger av reguleringene.....forslag til tiltak»	denne «høringsrunden» har vel gått under radaren for dei fleste, kan ikkje sjå at det er kome noko registreringar/innspel som er omhandla i denne rapporten. Det er utført enorme inngrep, lokalsamfunnet har måtta tåla omfattande negative konsekvenser gjennom 60 år, og må ha rett til relle avbøtande tiltak.

		NB – HØRINGSRUNDE må gjennomførast i praksis. 60 års erfaring med kraftanlegget må dokumenterast og takast omsyn til i ein miljørevisjon!
2.6.1	«Valdalen synes å være det delområdet der vassdragsreguleringene har medført størst utfordringer knyttet til ferdsel,....»	klar erkjenning - rasfarlig veg sommar og vinter, dårlig is, dårlige alternative ruter, konstant vurdering av sikkerhet, liv og helse. det har vore mange tilfelle på grensa til at liv er gått tapt
Side 60	«Magasinet blir typisk tappet ned på vinteren, fylles opp igjen under snøsmeltingen.....»	ved dagens effektkjøring, og jakt på høgast mulig avkastning er dette ikkje tilfellet
Side 60	«varmere vann fra de dypeste delene ... positiv effekt på tilfrysingshastigheten»	Valdalsvatnet er eit stort varmemagasin, akkumulert gjennom heile sommaren, det tar tid å kjøla ned dette vatnet frå 10-15 grader ned til 4 grader. Det varmaste vatnet ligg øverst, fram til at temperaturen er 4 grader – då ligg dette vatnet nederst – her er logikken derfor litt mangelfull
Side 60	«...at vannstanden i magasinet ikke økes etter at isen har lagt seg...»	dette har gjennom 60 år ikkje vore ein konsekvent praksis
Side 60	«..alternativ trasé Bråstøl-Grytingstølen....»	dette er ein rasutsett trasé i høg fjell, høgde 1.100 m.o.h., med oftare dårlig sikt, vind, og mindre framkommelighet. denne trasén er og adskillig meir energikrevande både for folk og køyretøy, det vil alltid vera eit innslag av gambling og usikkerhet i forhold til aktuell sikker tilkomst
Side 61	«effekten av å få på plass trygg ferdsel over eller forbi Valdalsmagasinet vil være stor...»	erkjenner at dette har stor verdi, og er viktig i forhold til bruk, liv og helse
Side 61	«tilgjengelig flombuffer i Valdalsmagasinet...»	pluss for vegetasjon og sikkerhet, kfr. og flaum hausten 2018
Side 63	«vinterstid er vannet dekket av is og snø, og reguleringssonen er ikke synlig»	strendene er ikkje alltid dekket, ofte ligg strendene triste med berg og steinar og knuste isflak, reguleringssonen er godt synlig gjennom vinteren
Side 63	«magasinet en sentral del av et landskapsrom som oppleves av mange....»	ja, heile Røldalsvatnet er sterkt eksponert, nakne strender er svært skjemmaende store deler av året.
Side 63-64	«Det vil være komplekst å vurdere krafttap,»	med dagens kjøringsmønster er det ikkje sikkert at det er så mykje tap å kutta ut senking av vatnet. energimengden er størst når vatnet er på topp
Side 64	«tidligere oppfylling vil forlenge fare for skadeflom.....»	dette er vel avhengig å ha buffermulighet i mange magasin – at Røldalsvatnet ligg på kote 378 bør ikkje medføre store utfordringar
2.6.2 Side 71	«Vannføring i Novlefoss er vurdert å kunne gi en positiv virkning for landskap, friluftsliv og reiseliv» «Tiltak som kan få størst effekt..»	ja, dette er heilt klart – Novlefoss ligg svært eksponert i eit viktig landskapsrom. dessutan vil ei viss vannføring ha viktig effekt på økosystemet, fossesprut/ tilgang på vatn i eit frodig område.


Side 71	«Forslag om test ved 1,5 – 4/5-7/8 m ³ /sek – 15.mai til 15.sept»	dette er bra tiltak!
Tabell 2-13	«slipp av vann – kostnad 11, 32, 60 millionar kr. Pr. år»	kostnad må vurderast i forhold til positive effekter for bygda og reisande.
2.6.3 Side 77	«Det har også vært spilt inn tanker om tunnel eller rasoverbygg...»	dette må utgreiast seriøst, m.a. med geologiske rapportar
Side 77	«Dette er tiltak som vurderes å ligge utenfor Hydros ansvarsområde og som derfor ikke vurderes nærmere»	oppsiktsvekkjande konklusjon! kraftanlegget har skapt desse problema, som heilt klart har auka dei siste åra. Hydro har eit ansvar for ferdsel og sikkerhet, for liv og helse
Side 79	«Arrondering og istandsetjing av gamle tipper»	dette er bagatellmessig og kosmetisk, og må ikkje ta fokus frå viktigare tema
Side 85	«En fordeling av vannet som i dag går i kanalen, mellom kanal og naturlig elveleie, vil gi positive virkninger...»	På grunn av fare for erosjon/ utrasing tilseier dette at vatnet må haldast oppe på toppnivå (378-380)
2.6.4 1-1	«Røldalsvatnet – raskere oppfylling, stor kostnad»	sannsynligvis ikkje tap, effekt på turbin er størst med vannstand 378/380, dessuten blir krafta seld heile året, det finst nok av andre magasin som kan tappast ned. Dette handlar om verdighet.
2-1	«Minstevannføring Novlefoss - stor kostnad»	stor kostnad, men stor positiv verknad!
3-1	«Valdalen, kanal/kulvert – middels kostnad»	bra tiltak, beskjeden eingongskostnad
3-8	«Vann i naturlig elveløp i Røldal – liten kostnad»	mest symbolsk som enkelttiltak, men er avhengig av at Røldalsvatnet er på topp – alltid

22.02.2024
Sondof Rabbe


Velkommen til Røldal



Røldalsvatnet, nedtapping 17m



Novle "fossen"



Røldal Stavkyrkje



Valdalen, oppdemming 80m

FRIMERKE

Det store kraftranet Norge 2021

Røldal-Suldal Kraft produserer rundt 3,2 TWh/år. Kraftinntekta er basert på neddemde stølsdalar, tørrlagde fossar og reguleerte vatn. Viktige nærings- og friluftsområde er gjort utilgjengelige. Konesjonen frå 1962 er basert på heimfall. Dette vil seia at Hydro som privat utbyggjar har hatt vasskraftressursene på lån i 60 år. Deretter skal verdiane tilbakefalla til lokalsamfunn og felleskap.

Men gjennom ei "selskapsfinte" vil Norsk Hydro og Lyse Kraft unngå heimfall og overta eksisterande konsesjon. Hydro og 14 kommunar rundt Stavanger vil dermed hausta ei milliard-inntekt kvart einaste år. Til evig tid... Fjellbygdene som har naturressursene og lever med alle ulempene er kutta ut gjennom ein prosess prega av hemmelighald og hastevedtak.

Vannfallsrettighetsloven §1 stadfester at "Landets vannkraftressurser tilhører og skal forvaltes til beste for allmenheten. Dette skal sikres gjennom offentlig eierskap på statlig, fylkeskommunalt og kommunalt nivå."

Røldal og Suldal kan ikkje utelatast frå allmenheten, og må få sin rettmessige del. Ullensvang og Suldal kommune må sikrast eigarskap i kraftanlegga. Konesjonen må fornyast for å gje rom for avgjerande forbetringar for natur og miljø.

Respekt for lokalsamfunn og felleskap!

www.Røldal.info